

## Møtereferat

---

<b>Møtetittel</b>	Klinisk samhandlingsutval for barn og ungdom
<b>Møtenummer</b>	2/2020
<b>Dato</b>	12.11.2020
<b>Stad</b>	Skypemøte
<b>Møteleiar</b>	Manuela Strauss
<b>Tilstades</b>	Gro Ericson (RoR), Norunn K Elde (SR), Lene Solheim (SR), Manuela Strauss (KKBU), Geir Longvastøl (KKBU), Lena B Waage (HMR)
<b>Forfall</b>	Marita Jacobsen (RoR), Hildegunn Ruste (Orkide), Tone L Kvammen (Orkide), Janne R. Endresen (brukarutvalet), Lutz Nietsch (KKBU), Kari Standal (KKBU), Janita Skogeng (KKBU)

ORKidé:- Nordmøre Regionråd, RoR: Romsdal Regionråd, SR: Sunnmøre Regionråd  
KKBU: Klinik for kvinner, barn og ungdom i HMR

### Saker

#### 6/20: Referat frå møte 07.05.2020

Ein kommentar til sak 1/20: Lene Solheim er verksemdsleiar for barnevern i Ålesund kommune.

#### 7/20: Status for arbeidet med reforhandlingane av samhandlingsavtalen

Lena Waage (samhandlingssjef i HMR) orienterte - sjå vedlegg.

- Etablering helsefellesskap. Frå partar til partnerar i samhandling. Reviderert samarbeidsstruktur. Felles sekretariat.
- Nytt namn på vårt utval blir truleg *Fagleg samarbeidsutval for barn og unge M&R*. «Formålet er å fungere som et **rådgivende organ og forvalte utøvelsen av de ulike delavtalene**. Faglige samarbeidsutvalg rapporterer til strategisk samarbeidsutvalg.»
- «De faglige samarbeidsutvalgene sammensettes henholdsvis av fire kommunale representanter; en fra hvert av regionrådene (to fra Sunnmøre), fire fra helseforetaket, to brukerrepresentanter og en praksiskonsulent».
- Det betyr ein reduksjon ift dagens oppsett med minus to frå kommunane og to frå helseforetaket. Utvalga konstituerer seg sjølv. Representantane blir valt for fire år av gongen.
- Oppnemning vil skje formelt via regionråda og HMR. Sekretariatet vil koordinere dette arbeidet og orientere når nyoppnemninga er gjennomført.
- Mai-møtet i vårt samhandlingsutval (referat) var kritisk til m.a. at temaet *barn-ungdom* var svært lite framtrekkende i utkast til revidert samhandlingsavtale. Waage forklarte dette med at avtalen er svært vanskeleg å lande med så mange involverte partar, og avtalen kan og bør ikkje vere for omfattande/detaljert. Føringar frå Kunnskapsdep. kan tyde på at samarbeid om barn-unge med samansette lidingar etterkvart skal inn i avtalen.
- Meir barn og unge og tidslinje vidare – sjå vedlegg.

## Møterefurat

---

- Vårt samarbeidsutval ønskjer framleis at soma, psyk. og hab. for barn og ungdom skal vere samla samarbeidsutval som i dag. Det bør vere breiast mogleg samansett ift. geografi og fag.
- Nytt formelt oppnemnt samarbeidsutval for b-u bør vere på plass før arbeidet med revidert handlingsplan m.v. blir gjennomført. Håper at flest mogleg kan vere med vidare!

### **8/20: Høg avslagsprosent i spesialisthelsetenesta – «Fra parter til partnere»**

Ved Manuela S.

Bakgrunnen for saka er at vi i Møre og Romsdal har eit svært høgt tal avslag på søknader om helsehjelp (27%) til spesialisthelsetjenesten/psykisk helsevern - BUP. Dette er noko tenesta ønskjer å endre og det kan best gjerast i samarbeid mellom kommunane og foretaket.

Planen er å få gjennomført eit prosjekt med/mellom BUP-ane og nokre kommunar for å prøve ut ulike samarbeidsmodellar. Her vil ein m.a. sjå på innhald og rett nivå for tilvising, og sjølv samarbeidet mellom 1. og 2. linje. Les meir i vedlagt info om prosjektet!

- Møtet gav sin fulle støtte til dette arbeidet som viktig og aktuelt, og inngår nettopp i oppgåva for betre samhandling.
- 
- Med bakgrunn i dagens situasjon med reforhandlingar av samhandlingsavtalen blir sak **Vurdering av eiga rolle i utvalet** og *Ny leiar* teke opp at seinare.
  - Vi veit ikkje p.t. når nye samarbeidsutval er på plass, men vi satser på nytt møte i utvalet komande februar.
  - Vedlegg:
    - Status reforhandlingar av samarbeidsavtalen (Lena W.)
    - Prosjektsøknad – Fra parter til partnere: Felles rettighetsvurdering av nye henvisninger – Utprøving av alternativt inntakssystem i PHBU.
    - Utv.planen – Klinisk. samhandlingsutval b-u

Geir L. (ref)